

Informasjonsskriv

3/2024

Oversikt over viktige datoar/søknadsfristar i haust:

Ordning	Søknadsfrist	Lenke
Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)	Løpende, fram til midlane er brukt opp.	Lenke
Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP)	15. oktober. Opna 15. september.	Lenke
Produksjonstilskot del 2	15. oktober. Opnar 1. oktober	Lenke
Tilskot til drenering av jordbruksjord	Løpende, fram til midlane er brukt opp.	Lenke
Tilskot til organisert beitebruk (OBB)	15. november	Lenke
Tilskot ved produksjonssvikt ved planteproduksjon	31. oktober. Vi skal ha beskjed so snart som mogleg dersom det har oppstått svikt eller det vil kunne oppstå.	Lenke Honningproduksjon skal nytte dette skjemaet.

Ta kontakt for hjelp til levering av søknad, gjerne i god tid!

SMIL og drenering – ledige midlar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har meir ledige midlar til SMIL og drenering i Volda og Ørsta. Det er derfor høve til å søke etter prinsippet ”fyrste mann til mølla”. Søknader som kjem inn vert handsama fortløpande. **Ver merksam på at ein må sende inn søknad og få den godkjent før ein byrjar arbeidet både på SMIL og drenering. Vi kan ikkje godkjenne søknadar om tilskot på tiltak som allereie er iverksett eller fullført!**

SMIL - Fjerning av piggtråd

Gjennom SMIL-ordninga kan ein søkje midlar til fjerning av piggtråd. Tilskotet er 15 kr/meter. I søknaden må det leggjast ved kart og biletet over områda med piggtråd som du ynskjer å fjerne. Dersom det er fleire høgder med piggtråd må du ta det med i søknaden slik at du får tilskot for alt du fjerner. **Søknad må sendast og vere godkjent før ein kan byrje på tiltaket.** Piggtråden må leverast til godkjent mottak. Det er viktig at piggtråden ikkje er vikla saman med anna avfall, men vert levert for seg sjølv. Be om å få kvittering på antal kg som er levert så ein har dokumentasjon når midlane skal betalast ut.



Søknad om produksjonstilskot del 2

Søknadsfristen for del 2 er **15. oktober**. Ein kan søkje f.o.m. 1. oktober (som er teljedato). Ein kan levere inntil 14 dagar etter fristen, men då med trekk på kr 1.000 pr. dag over frist. Innsendt søknad kan endrast fram t.o.m. 29. oktober.

I søknad del 2 kan ein søkje om tilskot for:

- Avløysing ved ferie og fritid
- Husdyr (Hugs å ha oppdatert husdyrregister til innlevering av søknad)
- Økologisk areal og husdyr
- Bevaringsverdige husdyrrasar
- Areal- og kulturlandskap
- Dyr på beite
- Dyr på utmarksbeite

For slakteproduksjon på svin er det viktig at ein set kryss for at opplysingar kan hentast fra slakteria sine rapportar, elles får ein ikkje grunnlag for husdyrtilskot og avløysarrefusjon.

Avløysartilskot

Det kan søkast om refusjon for utgiftene i år. Om ikkje alt er brukt opp 15. oktober, kan ein etterregistrere meir i søknaden fram til 10. januar. Det same gjeld beitedyr som vert sanka frå utmarksbeite etter 15. oktober.

Døme på godkjent arbeidshjelp som kan søkjast refusjon for:	Døme på utgifter til arbeidshjelp som ikkje kan godkjennast:
<ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> Stell av dyr <input type="radio"/> Saueklipping <input type="radio"/> Klauvskjering <input type="radio"/> Gjerdehald <input type="radio"/> Dyrking og grøfting <input type="radio"/> Snekkerarbeid <input type="radio"/> Rundballepressing (arbeidet, men ikkje maskinkostnaden) 	<ul style="list-style-type: none"> <input type="radio"/> Dyrlege <input type="radio"/> Drektigheitskontroll <input type="radio"/> Rekneskapsførar <input type="radio"/> Utgifter til elektrikar <input type="radio"/> Bilmekanikar

Godkjend dokumentasjon for utgifter til avløysing er til dømes:

Årsoppgåve frå avløysarlaget, A-melding frå Altinn, eller bankbilag og faktura.



Kontrollør at gardskarta er oppdaterte

Bruk gardskarta for eigd og leigd jord når du søker tilskot. Der finn du arealtala, men sjekk om inntekningane er riktige. Kontroller karta opp mot dei areala du faktisk nyttar. Det er berre areal som vert brukt til slått eller beite som kan vere med i søknaden. **Areal som berre vert beitepussa, ligg brakk, mv, skal ikkje vere med på søknaden.** Meld frå dersom du finn feil i gardskarta. [Lenke til gardskart.no](#)

Regionale miljøtilskot (RMP)

Denne tilskotsordninga er ikkje endra. Du finn alt av informasjon og regelverk på heimesida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: [Lenke](#) Dersom du er ny søker eller treng hjelp så ta kontakt.

Mjølkekvote, sal og kjøp

Det er gjennomført ei ny runde med kjøp og sal av mjølkekvote, der ein også i år kunne selge alt privat. Tala syner at det vart selt kvote frå 4 bruk i Ørsta og 5 i Volda. Det var 4 bruk som kjøpte kvote i Ørsta og 7 i Volda. Kjøpt kvote vart større enn salet i både kommunane. Det er gledeleg at kvotene ikkje forsvinn ut av området og at interessa for å satse på mjølk held seg oppe.

Dersom du skal leige ut kvote så må det meldast inn på landbruksdirektoratet.no innan 1. november, om kven som skal disponere kvota. Dette gjeld berre ved endring frå 2024 til 2025. [Lenke](#)

Nye retningslinjer for bompengar på private vegar i Ørsta

[Lenke til oversikt over nye retningslinjer i Ørsta](#)

[Lenke til oversikt over retningslinjer for private bomvegar og skogsvegar i Volda](#)



Finansiering bygg - Innovasjon Norge

Vi ser at interessa for å investere i driftsbygningar mv. er veksande, og pågangen med søknadar til Innovasjon Norge er god. Søknadar for investeringar i 2025 bør inn i god tid før årsskiftet. Gjeldande ordningar er:

Tilskot til investering i	Prosent inntil	Maks kr/prosjekt
Forstudie/ressursavklaring for investering - eksterne kostnad	100%	kr 100.000
Produksjonsanlegg, driftsbygning med utstyr av varig karakter	40%	kr 3,5 mill.
Innan storfproduksjon - lausdriftskravet frå 2024	50%	kr 5 mill.
Frukt- og bærdyrking, konvensjonelt	35%	
Frukt- og bærdyrking, økologisk	50%	
Mindre investeringar generasjonsskifte søker under 35 år	Menn 50% Kvinner 70%	kr 1 mill. kr 1,4 mill.
Maks total kostnad kr 2 mill.		
Gjødsellager, toppdekke (minst 10 mnd kapasitet)	25%	kr 250.000

Ny medarbeidar på kontoret – Emma

Emma Marie Høie Kjøde byrja hjå oss 26. august, og har teke over stillinga etter Guro Sterud Stutlien. Ho er oppvachsen på gard i Vanylven, og har ein bachelor i agronomi frå Høgskulen i Innlandet (Blæstad). Ho bur i Volda saman med sambuar og deira to born. Emma skal vere sakshandsamar for produksjons- og avløysartilskot i Ørsta, SMIL, drenering, tiltak i beiteområde, RMP og OBB. Ho skal også arbeide med autorisasjonseksamen i plantevern/gnagarmidlar, Innovasjon Norge, landbruksregisteret, ajourføring AR5 og driveplikt.



Foto: privat



Felles landbrukskontor 10 år

Det er no 10 år sidan landbrukskontoret vart felles for Ørsta og Volda. Liv Bente Viddal og Børild Skåra er med framleis, Jan Endre Nesdal kom frå Hornindal for 5 år sida.

Peder Magnussen har vore skogbruksansvarleg sidan 2017, Oddhild Kalvatn starta i 2023 og vår nyaste tilsette er Emma Marie Høie Kjøde.

Det er kjekt å vere eit så godt fagmiljø!



Foto: Ingvild Susann Kjøde, Ørsta kommune



Sau i Hornindal. Foto: Emma Marie Høie Kjøde.



Landbrukskontoret Ørsta Volda ynskjer alle ein fin haust!

Helsing Liv Bente, Børild, Peder, Jan Endre, Emma og Oddhild!

